



Arkivnr: 2016/2594-15

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 16.08.2016 |

Fordeling av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken for 2016-2017

Samandrag

Hordaland fylkeskommune (HFK) er tildelt kr 17 402 270 til Den kulturelle skolesekken (DKS) for skuleåret 2016-2017. Midlane skal fordelast mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring, med kr 12 420 935 til grunnskulen og kr 4 981 334 til vidaregåande skule. Desse beløpa skal vera utgangspunktet for vidare fordeling og disponering av midlane.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til prisnipp for fordeling av midlar, slik dei kjem fram av saka.
2. Midlane til Den kulturelle skolesekken vert fordelt slik:

Total tildeling: kr 17 402 270

Tildeling til Bergen kommune: kr 4 945 878

Tildeling til resten av kommunane: kr 3 213 886

Tildeling til kursregionane: kr 250 000

Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule (HFK): kr 8 992 506

3. Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

| | | | |
|------------|------------|------------|------------|
| Askøy | kr 261 884 | Meland | kr 94 536 |
| Austevoll | kr 89 202 | Modalen | kr 25 143 |
| Austrheim | kr 41 933 | Odda | kr 80 988 |
| Bømlo | kr 152 727 | Os | kr 171 844 |
| Eidfjord | kr 26 810 | Osterøy | kr 132 564 |
| Etne | kr 62 336 | Radøy | kr 73 995 |
| Fedje | kr 25 829 | Samnanger | kr 48 716 |
| Fitjar | kr 53 683 | Stord | kr 177 799 |
| Fjell | kr 268 837 | Sund | kr 100 469 |
| Fusa | kr 92 724 | Sveio | kr 86 040 |
| Granvin | kr 27 398 | Tysnes | kr 63 832 |
| Jondal | kr 27 790 | Ullensvang | kr 74 962 |
| Kvam | kr 129 232 | Ulvik | kr 28 182 |
| Kvinnherad | kr 221 209 | Vaksdal | kr 69 257 |
| Lindås | kr 190 893 | Voss | kr 184 652 |
| Masfjorden | kr 46 429 | Øygarden | kr 81 988 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

J. fr. vedtak i KIRU 8. juni 2016, PS 86/2016 om sommarfullmakt til utvalsleiar.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.07.2016

Spelemidlar til Den kulturelle skolesekken i Hordaland

Ved kongeleg resolusjon den 17. juni i år vart overskotet frå Norsk Tipping AS til kulturføremål fordelt. Av dette overskotet går kr 210 156 000 til DKS. Desse midlane skal, i tråd med mål og prinsipp for ordninga, nyttast til profesjonell kunst og kultur til skuleelevar, og kan ikkje nyttast til administrasjon og kompetansehevande tiltak.

Midlane til DKS går i hovudsak til fylkeskommunane, og blir fordelt etter ein fordelingsnøkkel der elevtal i grunn- og vidaregåande skule, geografiske avstandar og kulturell infrastruktur inngår som variablar. Dei skal delvis nyttast av fylkeskommunen og delvis kanaliserast til kommunane.

HFK er tildelt kr 17 402 270 til DKS for skuleåret 2016-2017. Midlane skal fordelast mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring, med kr 12 420 935 til grunnskulen og kr 4 981 334 til vidaregåande skule. Desse beløpa skal vera utgangspunktet for vidare fordeling og disponering av midlane.

Ansvaret for DKS-ordninga er frå 2016 lagt til Kulturtanken – Den kulturelle skolesekken Noreg (tidlegare Riksksertane). I samband med dette vil ein gjennomgå korleis arbeidet med DKS er organisert på alle forvaltningsnivå. Dette kan medføre endringer i fordelingsnøkkelen frå og med fordelinga til kommunar og fylkeskommunar i 2017. Det vert lagt opp til at midlane då blir fordelt av Kulturtanken.

Fordeling av midlane

Bergen kommune får midlane direkte tildelt via HFK. Det vil seie at dei får heile sin del av summen til Hordaland direkte tildelt, og har såleis sjølv ansvaret for å gje sine grunnskuleelvar tilbod. Ein stor del av elevmassen i grunnskulen i Hordaland er i Bergen kommune, som får opp mot 40 % av total tildeling til DKS i grunnskulen i Hordaland.

Av summen som er igjen etter at Bergen kommune har fått sin del, skal minimum ein tredjedel fordelast på dei andre kommunane til lokale DKS-tilbod. Og minst ein tredjedel, samt midlane øyremerkt vidaregåande skule, skal gå til Hordaland fylkeskommune. – Elevar i vidaregåande skular i heile fylket, og elevar i grunnskulane i alle kommunar utanom Bergen, får tilbod om kunst- og kulturproduksjonar av høg kvalitet av HFK. Den siste tredjedelen skal HFK fordele slik det er mest hensiktsmessig.

I Hordaland er det mange små kommunar med få elevar som med sin del av tredjedelen ville hatt lite midlar til lokale tilbod. I 2004 vedtok Kultur- og ressursutvalet derfor at kommunane skulle få eit tillegg. Tillegga har vore justert i fleire omgangar, og i 2007 vart det vedtatt nye tillegg som tok utgangspunkt i tal skular i kvar kommune. Tillegget til kommunane er tatt frå den tredjedelen fylkeskommunen fordeler slik det er mest hensiktsmessig.

Frå den tredjedelen som tillegget til kommunane er tatt frå, går det også kr 50 000 til kvar av fem kursregionar i Hordaland. Desse vert nytta til interkommunale samarbeid om DKS. Resterande del av tredjedelen går til styrking av HFK sin kunst- og kulturformidling, og vert såleis også nytta til turnering/formidling av produksjonar i kommunane.

For å utløyse midlane må kommunane sin rapportering vere gjennomgått og avklart i dialog med fylkeskommunen.

Rapportering

HFK har ansvar for rapportering om bruken av tildelte midlar. Dette gjeld både midlar til eigne satsingar og prosjekt, midlar om vert fordelte vidare til kommunane, og eventuelle prosjektilskot.

Både HFK og kommunane rapportere pr. kalenderår i eit nettbasert rapporteringsskjema. Med bakgrunn i dette, skal HFK rapportere etter følgjande fristar:

- Budsjett og plan for 2017: 1. desember 2016.
- Rapport på aktivitet for 2016: 15. februar 2017.
- Revidert rekneskap for 2016: 1. mai 2017.

NB! Frist for rapportering og innsending av plan for kommunane vil bli justert etter ovanfor nemnde fristar.

Fordeling skuleåret 2016-2017

Fylkesrådmannen rår til at total tildeling på kr 17 402 270 til DKS i grunn- og vidaregåande skule vert fordelt slik:

Tildeling til Bergen kommune: kr 4 945 878

Tildeling til resten av kommunane: kr 3 213 886

Tildeling til kursregionar: kr 250 000

Kunst- og kulturformidling i grunn- og vidaregåande skule (HFK): kr 8 992 506

Tildeling til resten av kommunane blir fordelt slik:

| | | |
|------------|----|---------|
| Askøy | kr | 261 884 |
| Austevoll | kr | 89 202 |
| Austrheim | kr | 41 933 |
| Bømlo | kr | 152 727 |
| Eidfjord | kr | 26 810 |
| Etne | kr | 62 336 |
| Fedje | kr | 25 829 |
| Fitjar | kr | 53 683 |
| Fjell | kr | 268 837 |
| Fusa | kr | 92 724 |
| Granvin | kr | 27 398 |
| Jondal | kr | 27 790 |
| Kvam | kr | 129 232 |
| Kvinnherad | kr | 221 209 |
| Lindås | kr | 190 893 |
| Masfjorden | kr | 46 429 |

| | | |
|------------|----|---------|
| Meland | kr | 94 536 |
| Modalen | kr | 25 143 |
| Odda | kr | 80 988 |
| Os | kr | 171 844 |
| Osterøy | kr | 132 564 |
| Radøy | kr | 73 995 |
| Samnanger | kr | 48 716 |
| Stord | kr | 177 799 |
| Sund | kr | 100 469 |
| Sveio | kr | 86 040 |
| Tysnes | kr | 63 832 |
| Ullensvang | kr | 74 962 |
| Ulvik | kr | 28 182 |
| Vaksdal | kr | 69 257 |
| Voss | kr | 184 652 |
| Øygarden | kr | 81 988 |